




Nr 4 - 2023

Møta nye venner - Søkja Gud - Få del i oppdraget

møte:plassen



Nå er den hellige time
Vi står i stjerneskin
Og hører klokkene kime
Nå ringes julen inn

Englene synger høyt i kor
Synger om fred på vår jord
Verden var aldri helt forlatt
En stjerne skinner i natt

En nyfødt kjærlighet sover
Nå er Guds himmel nær
Vår lange vandring er over
Stjernen har stanset her

Her kan vi drømme om den fred
Som vi skal eie en gang
For dette barn har himmlen med
Og jorden fylles med sang

Eyvind Skeie / Tore W. Aas

Aktive gutar
i Ugla
side 4 - 5

Trusopplæring
Undheim
side 6 - 7

Frå Undheim til
Makedonia
side 8 - 9

Aktuelt for
store og små
side 10 - 15

Tankar i tida

Nettene er lange. Kulda har sett inn. Over sjø og land, over skog og hei og i stille grender.

Tida er advent. Tankane skulle vendt seg mot det som skal komma. Hjartet skulle vanka i eit visst føderom. Men der ute som englane ein gong song, driv Abrahams barn uforsonleg krig. Lenger nord senkar natta seg svart over slaviske brør i skyttargraver. Det vondes problem like påtrengande. Sidan sjetten dagen har menneskeætta forvalta sin frie vilje, og Adam var ikkje lenge i Paradis.

Jorda er ikkje berre deilig. Himmelen ikkje berre blå. Det gjeld i det store og fjerne, men òg i det nære. Ungar kan leika, le og ha det godt, samstundes som saknet er sårt etter dei me hadde med oss før, men ikkje no.

Om dagane er vonde og kjenslene blanda – juleevangeliet kjem med noko anna;

I det stille, til de små,

Bringer Jesus håp og fred.

Og han kommer, da som nå,

Fra sin himmel til oss ned.

Julenatt med lys og glede

Minner oss om Gud som kom.

Evig er han her til stede.

Nå står grav og krybbe tom.

(‘I en natt’, Bjørn Eidsvåg 1993)

Knut Undheim

møte:plassen

4 - 2023

18. årgang

UTGJEVAR:
Undheim sokneråd

REDAKTØR:
Steinar Sandvik
tlf. 400 07 909
LAYOUT:
Hanne Brit Sandsmark

REDAKSJONEN:
Steinar Sandvik
Laila Undheim
Hanne Nordbrønd
Siv H. Undheim
Hanne Brit Sandsmark

ADRESSE:
Møteplassen
Time kyrkjekontor
Pb 373, 4349 Bryne

E-POST:
nyheitsblad@gmail.com

INTERNETT:
www.timekyrkja.no
www.undheimkyrkja.no

TRYKK:
Jærprint, Bryne
OPPLAG: 600 EKS.

UNDHEIM SOKNERÅD
KONTONR. 3290.57.20723
GIVARKONTO: 3325.21.55657

Illustrasjonsfoto: Pixabay.com,
iStockPhoto.com

Marias guttebarn

*Maria fikk et guttebarn
Hun visste hvem det var.
For i en drøm kom englene
Med bud fra guttens far.*

*I en stall i Betlehem
Kom sønnen til vår jord.
Nå lever han i hjertene
Til de som ennå tror.*

*Han kom hit ned til
menn'skene.
Han fortalte om et sted
Der ingen trenger lide mer,
Og alle finner fred.*

*Han viste oss en enkel vei,
En som alle kunne gå.
Og hvis du går mot kjærlighet,
Så har du funnet den nå.*

*I en stall i Betlehem
Kom sønnen til vår jord.
Nå lever han i hjertene
Til de som ennå tror.*

*De som tror at himmelen
Tok jorden til sin brud
Og skjenket henne
sønnen som
Ble menneske og Gud.*

*Tiden kjenner bare de
Som er i himmelen.
Men kommer han i nye klær,
Vil du kjenne ham igjen?*

*Natten svøper Betlehem.
Maria har blitt mor
Til han som bor i hjertene
Til de som ennå tror.*

*De som tror at himmelen
Tok jorden til sin brud
Og skjenket henne sønnen som
Ble menneske og Gud.*

Dette er en av Else Marit Undheim sine favoritt-julesanger. Sangen beskriver juleevangeliet så enkelt og fint. Et lite barn som kom til jord, ble født i en stall og ble verdens frelser til alle som tror.



Aktive gutar i Ugla

Det er full aktivitet rundt sløydbenkane ved Undheim skule. Gutelaget Ugla har si samling.

Tekst og foto: Steinar Sandvik



Nils Arne Fosse samlar gutane i Ugla til andaktssamling før snikkararbeidet kan starte.

Denne kvelden var det godt over 20 ivrige gutar i sving i sløydsalen. I tillegg er det ei god handfull leiarar som rettleiar dei unge. Vidar Undheim har vore med som leiar i mange år og trivst godt saman med dei unge. Denne kvelden hjelper han dei tre gutane, Jonas Bleskestad, Sverre Emilian Fosse og Mathias Olsen med å lage ein lastebil.

Ved ein annan sløydbenk er jærhus under bygging. Asle Risa er medhjelpar medan deltakarane Torjus Sikveland Norås, Svavar Fuglestad Pedersen og Lavrans Bygstad byggjer saman jærhus frå halvfabrikata. Slik går aktiviten rundt i sløydsalen. Denne salen har gutane hatt som fast plass når det skal snekrast eller andre ting skal lagast.

INNE OG UTE

Gutane i Ugla har samlingar annankvar veke. Men det er slett ikkje alle kveldar det er samling i sløydsalen. Ofte tek leiarane dei unge deltakarene med ut i naturen. Men det er også samlingar i idrettshallen

der alle får vere med på ulike aktivitetar. Deltakarane hadde tidlegare faste ute-samlingar. Mellom anna var det ei årleg kvelds-samling på Mellemstrand. Då fekk gutane prøve smaken av nygrilla fisk frå vatnet. Kvart år har Ugla basar. Mykje av gevinstante har gutane sjølve laga. Pengane frå basaren går til Det Norske Misjonsselskap. Rekorden ligg på rundt 23.000 kroner.

Kvar møtekveld er det også andakt. Ofte er det nokre av leiarane som held ein kort andakt, men andre gonger kjem «gjestetalarar». Denne kvelden var Nils Arne Fosse talar. Han var tidlegare med som fast leiar, men no kjem han heller innom med nokre andaktsord.

TRUFASTE LEIARAR

I løpet av hausten har Ugla hatt åtte samlingar, to av dei har vore i sløydsalen på skulen. Dei andre samlingane har variert frå turar til Mellemstrand og Sælandskogen. Ugla har også hatt landhockey og kosekveld med pizza. Siste samling var 28. november heime på Lende hos Amund Undheim.

Dei faste leiarane er i dag: Amund Undheim (har vore leiar sidan starten i 1976). Dei andre leiarane er Torbjørn Garborg (hovudleiar), Asle Risa, Vidar Undheim, Gisle Oddane og Trond Stiansen.

I løpet av åra frå 1976 har godt over 350 gutar vore med på Ugla. Gjennom åra har flokken variert litt, men det har vore mellom 18 og 20 deltakarar. No er frammøtet noko høgare.



Ei gruppe som snikrar lastebilar til basaren til våren. Leiarane Vidar Undheim (t.v) og Amund Undheim instruerer gutane. Frå venstre Jonas Bleskestad, Sverre Emilian Fosse og Mathias Bø Olsen.

Trusopplæringa i Undheim



PLAN-B AKTIVITETSDAG

17. november var 20 andreklassingar frå Undheim, Bryne, og Time samla på aktivitetsdag i kyrkja på Undheim. Me var i saman frå kl. 9 om morgonen til kl. 15 på ettermiddagen. Tema for dagen var «Gud skapar – me lagar» og me lærte om skapinga og borna fekk vera med å laga ting sjølv. Dei laga både mat og kunst av forskjellig art. Etter lunsjen var me på tur med litt innlagde oppgåver undervegs, før me enda opp i kyrkja der me såg film og koste oss med lappar.

Ein flott gjeng med tweens var med og hjalp til som leiarar. Dei gjorde ein strålende innsats.

Takk for ein fin dag på Undheim!

FIREÅRSKLUBB

Fireåringane i Undheim vart inviterte til fireårsklubb i kyrkja. Me hadde to samlingar på ettermiddagstid, der me høyrde bibelforteljingar, song og fekk laga noko fint. Fireårsklubben vart avslutta med gudsteneste 26. november, der fireåringane deltok med song, og dei fekk utdelt kvar sin barnebibel.

NB! Dersom det var nokon som ikkje hadde høve til å delta på fireårsklubben, men som likevel ønskjer barnebibel, er det berre å ta kontakt med kyrkjekontoret.

Tone Vold fortel om Jesus som stiller stormen.



Ragnhild Årdal Helland



Viljar Hadland



Oskar Undheim



Margit Pedersen

BABYSONG 0-1 ÅR

Alle tre kyrkjelydane våre har tilbod om babysong for born 0-1 år. Velkommen til ei hyggjeleg stund for deg og barnet ditt. Her er det song, rørsle og sosialt samvær. Me startar opp nye grupper i januar. Bryne og Lye oppstart 24. januar, Undheim oppstart 31. januar.

UNDHEIM

I Undheim kyrkje er det babysong oppe i kyrkjesalen kl. 10.30-11.00 om lag annakvar onsdag. Etterpå kan me vera saman med dei som er i open barnehage.

Bruk Qr-koden for å melda deg på. (påmeldinga opnar 10.1)
Du finn meir informasjon på kyrkja si nettside: timekyrkjene.no



SMÅBARNSTRALL 1-3 ÅR

Me har starta opp med eit nytt song og musikk tilbod for 1-3 åringar. Då møtest me store og små i Time kyrkja, der me syng og leikar saman. Småbarnstrall liknar på babysong, men med songar og opplegg som er tilpassa born i 1-3 års alderen. Det blir song, lek og moro. Me inviterer alle 1-3 åringar frå Undheim, Time og Bryne til å koma til Time kyrkje i lag med oss.

Bruk Qr-koden for å melda deg på. (påmeldinga opnar 10.1)



Me har valt å melda dei ulike arrangementa våre i trusopplæringa inn som grupper i SØNDAGSSKULEN. Dette har me gjort fordi me får støtte til arbeidet vårt, slik at me mellom anna ikkje treng å krevje så mykje i eigenbetaling frå familiane når dei melder borna på til trusopplæring. Det vert litt meir krevjande med påmelding, fordi ein må melde barnet inn både i Søndagsskulen og på arrangementet vårt, men då betaler ein berre 50,-kr per arrangement. Medlemsskapen i ei gruppe i søndagsskulen varer berre ut kalenderåret. Det er mogleg å vera med i fleire grupper i Søndagsskulen samtidig. Me får støtte for kvar gruppe. ME ANBEFALER VERKELEG AT ALLE MELDER INN BORN I GRUPPENE VÅRE I SØNDAGSSKULEN. DETTE GJER DU GJENNOM PÅMELDINGA I CHECKIN.

FÅR DU IKKJE INVITASJON I POSTEN? - BLI TRUSOPPLÆRINGSABONNENT

Har du born som ikkje er døypte/ ikkje er medlem i kyrkja, men likevel ynskjer dei skal få invitasjon til trusopplæringa sine arrangement? Gå inn på www.kirken.no/minside og registrer deg der, så får borna automatisk invitasjon til det som gjeld deira aldersgruppe.



Helsing frå kyrkjelydspedagogene Ragnhild Hanssen og Tone Vold

Frå Undheim til Makedonia

Tekst: Steinar Sandvik Foto: Privat

Etter gymnaset på Bryne flytta Tor Undheim til Oslo. Og der har han blitt fastbuande, men vegane har vore mange. I meir enn 30 år har han drive evangeliserings-arbeid og eit omfattande hjelpearbeid.



Tor Undheim har passert dei 70, men han har ikkje planar om å trappe ned på ei aktivt teneste. Og mykje av arbeidet er rette mot Makedonia, som er deler av det gamle Jugoslavia. Her har Tor og mange medarbeidarar drive eit omfattande arbeid i mange år. Men det starta mange år etter at familien busette seg i Oslo.

DIAKON

– Eg har alltid vore engasjert, fortel Tor, – også i gymnastida. Der møtte eg Liv Thorhild Lindefjell frå Kvinesdal. Vi vart saman det siste året på gymnaset. Etter Bryne bar det til Oslo.
– Eg tok utdanning som sjukepleiar, og vidare diakon, men eg vart aldri vigsla som diakon. Eg trur nok at eg arva det diakonale etter mor og far.
Tor fortel at han ikkje fann ein kyrkjelyd i Oslo, men han kom i kontakt med Åsolv Kvammen og Tore Lende.

PASTOR

– Dei kom med nye tankar om kva ei kyrkje kunne vere: fellesskap, hjelpe kvarandre i kvardagen. Vi byrja å samlast i heimane og la vekt på lovsang, nattverd og bøn, undervisning og måltid med inspirasjon frå livet dei første kristne levde.
Der oppdaga eg ei heilt ny verd. Det var viktig å

utvikle sine eigne gåver og ikkje minst lovsang. For meg vart dette ei ny oppleving, og dette knytte oss saman. Lovsang, drama og felles sang knytta oss saman. Tor fortel at dette fellesskapet etter kvart vart danna som eiga kyrkje: Nettverkskirken.
– Vi innreia og eigde eit industrilokale på Røa, og eg gjekk inn i fulltidsteneste som pastor, og slutta i helsetenesta.

NYTT ARBEID

På denne tida fekk Tor kontakt med Kjell Haltorp. Tor fortel at Haltorp hadde kontaktar på Balkan og at han sommaren 1991 varrt invitert med ein større kampanje i Skopje i Makedonia og andre land i heile Midtausten. . Dette var ei stor samling med over 1000 ungdommar som var samla i ein stor park. Vi var eit team frå mange ulike kyrkjer i Skandinavia og Europa som bad forbyen og landet, samtalte og delte evangeliet med folk vi møtte på gata.
– Etter 14 dagar samla vi over 1000 ungdommar til konsert i hovudparken i Skopje. Vi delte evangeliet om Kristus gjennom song, dans og drama og vitnemål.
– Kom og hjelp oss var bøna frå folk i landet, fortel Tor, og slik starta det omfattande arbeidet mellom folk i landet opp.
Dette var byrjinga på eit arbeid som både Tor og kyrkja hans har vore involvert i på ulike måtar.

VEL 30 ÅR

No har Tor stått i dette arbeidet i 30 år. I løpet av desse åra har han vore mellom 6 og 10 turar i Makedonia kvart år. Neste tur vert på nyåret.
– Det er ein stor rikdom å få dele evangeliet med folket der, og vi ser at arbeidet vårt ber frukt.
– Mange frivillige frå Norge tek del i arbeidet vårt, frå både her på Jæren og andre plassar i Norge, fortel Tor som er svært takksam for alle som står i arbeidet, både dei som kjem og dei som støttar på ulike måtar.
– Eg vil spesielt nemne den flotte innsatsen min gode venn Ivar Egeland har lagt ned i arbeidet over mange år, seier Tor.

GOD KONTAKT

Etter gymnastida på Bryne har Tor og familien slått rot i Oslo. Tor og Liv Thorild har tre barn, alle jenter, og åtte barnebarn, eitt i Tysvær og dei sju andre i Oslo. Tor er ofte heime på Jæren. Søskenflokken er på 5, Liv Karin, Lars Bjarne, Hanne Lise og Rita Tove. Men Tor legg også vekt på å halde kontakten med venner, og ikkje minst venner frå skuletida på Undheim og Bryne.
– Vi var ein god gjeng i barne- og ungdomstida, smiler Tor og fortel om ting dei som barn og ungdommar fann på i oppveksten.

OPEN HEIM

– Kapellet var stort sett den einaste samlingsplassen i bygda, fortel Tor. – Mor og far gjekk på kapellet som det då heitte. Og der gjekk vi også på dei ulike samlingsane anten det var søndagsskule, bønemøte, yngres, møteveker og andre samlingar. Mor og far hadde ein open heim på Fladhaug der vi vaks opp rett i vegen inn til skulen.
– Ofte budde det predikantar hos oss. Huset var ope for dei som trengde litt oppmuntring og berre dei som stakk innom, hugsar Tor.

KONKURRANSE

– Som ungar flest fann vi på litt av kvart. Vi likte å leike mann og kone opp med Stemmen. Eg og Tora var par, det same var Ivar og Åslaug. Vi «menn» fiska fisk, samla bær, fekk gammalt brød frå Handelslaget, og «kvinnene» stelte heime med matlaging og «barn» (yngre søsken). I åna, andre gonger kunne der vel vere giftemål, fortel Tor som meiner han hadde dei fleste ideane.
– Vi likte godt konkurransar. Særleg var gjengen med Ola Undeim, Leif Kåre Lende, Ivar Egeland, Vermund Bue og Gudbjørn Birkeland som var i lag. Då var det snakk om å setje rekordar, anten det var springing og skihopp eller andre tevlingar. Det var det eg som kommenterte, akkurat som Bjørge Lillelien gjorde det.



Her er Undheim-kameratane på leir på Horve. Frå venstre Leif Kåre Lende, Ivar Egeland. Til høgre øvst Vermund Bue, Tor Undheim og Gudbjørn Birkeland

MOTORISERT

Etter kvart som gutegjengen vart litt eldre var det meir interesse for kjelvebilar. Gutane var langt frå gamle nok til å køyre bil, men dei prøvde seg både på gardsvegar og på markavegar. Av og til kunne det gå litt fort, men ingen personskaade. Då var det heller skade på køyretyret.
– Var det slike forsøk, måtte dei alltid filme, fortel Tor som hugsar ein av turane.
– Midt i køyreturen fauk panseret rett opp, og sjåføren såg ingen ting. Det gjekk visst godt denne gongen også, smiler sjåføren.



Her er det skitur med kameratar. Frå vestre Tor Undheim, Ivar Egeland, Norodd Slettebø, Leif Kåre Lende og Ola Undheim.



Tor var best i hoppbakken bak skulen. Her var det visst bakkerekord.

NYTT FRÅ KYRKJESTYRET

TANKAR OM REKRUTTERING

Like sidan kapellet stod ferdig i 1921 har bygget vore i privat eige, etterkvart formelt forvalta som ein stiftelse med eit styre.

Tilsyn og vedlikehald av kyrkja vår syter Styret for Undheim kyrkje og bedehus for ut frå §2 i vedtektene. (Formål: «Foreninga har som formål å drifta og vedlikehalda Undheim kyrkje og bedehus».)

Me har ein sær sars god avtale med Time kyrkjelege fellesråd om utleige til kyrkjelege formål. Me deler mellom anna på straumutgiftene, har gratis reinhald i kyrkja, tilskot til utvendig vedlikehald og diverse kontrollar og tilsyn av teknisk karakter.

Me er heldige som kan bruka huset til alle dei aktivitetane som naturleg høyrer heime her. Dette er ei ordning me er vel tente med, og me trur mange vil vera enige i at me ynskjer å ha det slik. Dersom det er nokon som ynskjer ein annan måte å organisera drifta på, vil styret svært gjerne ha tilbakemelding om korleis ein meiner den framtidige organisasjonsforma skal vera. Kva alternativ har me?

Send gjerne epost til: einarmalenius@gmail.com

Arbeidet i styret gjer seg ikkje sjølv. Me har i alle år vore privilegerte med å ha gode folk i styret og ulike nemnder. Me merkar at det nå er ei større utfordring å få kandidatar til vala. Det kan nok vera ulike årsaker til at det er slik. Me veit at dette er eit fenomen i fleire foreningar som baserer arbeidet på frivilligheit. Årsmøtet er øverste organ, og skal kvart år velgja 2 personar til styret, som har 5 medlemmar, og 1 ny person til valnemda, som har 3 medlemmar. Ved siste årsmøte i mars 2023 var det ikkje råd å få nok folk til alle verv. Resultatet vart at me fekk eit fulltallig styre, men i valnemda er det nå berre att ein person. Han har fullført si tid i nemnda ved neste årsmøte.

Denne situasjonen er ikkje haldbar. Ei forening som ikkje klarer å rekrutera nok medlemmar til styre og verv, kan/vil ikkje fungera i den form som me har nå. Dette er medlemmane/årsmøtet sitt ansvar. Derfor er det så viktig at medlemmane møter på årsmøtet og stiller seg disponible både til styret og valnemda. Grunna sterkt redusert valnemd etter siste årsmøte, fekk styret oppdraget med å skaffa nye personar til valnemda. (Det er juridisk lite haldbart at styret skal rekruttera personar til nemda. Dette er årsmøtet sitt ansvar.)

For årsmøtet i 2024 ber styret om forslag på minst 3 valbare medlemmar til valnemda. (§4: Medlemmar av foreninga er alle i Undheim skulekrins med kommunal stemmerett og som har fylt 15 år.)

Vår oppfordring er at alle medlemmar ser eit felles ansvar for å stilla seg til disposisjon slik at me kan få kandidatar til vala. Møt opp så mange som kan med stemmerett på årsmøtet som vert 17.mars 2024 kl.12.00 etter gudstenesta i Undheim kyrkje.

Kåre Sigurd Undheim - medlem av valnemda
Torvald Tjåland - styreformann

Innvendig golv er under arbeid

Styret for kyrkja har tidlegare vedteke å fikse golvet i kyrkjekjellaren. No har arbeidet kome i gong. Golvet i kyrkjekjellaren har ein god del skadar. Knuste og skada fliser skal skiftast ut med nye.

Seinare når det vert godt målarver skal heile bygget målast. Det er eit omfattande arbeid. Weda AS har fått oppdraget. Kva tid arbeidet vert utført er ikkje tidfesta, men det må sjølv sagt skje i godt målarver.

Kyrkjestyret har også vedteke å skifte ut all utandørs belysning. Dette oppdraget skal Svein Hersdal – Alli Elektro utføre. Same mann skal også skifte ut all utvendig belysning.

Torvald Tjåland, leiar i styret, opplyser at det vert årsmøte for Undheim kyrkje 17. mars kl. 12.00 rett etter gudstenesta.

PÅFYLL FOR UNGDOMMAR

Annakvar torsdag (partalsveker) mellom kl. 14.45 – 16.45 samlast ungdommar i kyrkjekjellaren.

Tekst og foto: Siv H. Undheim

Tilbodet kallast Påfyll, og gjeld for ungdommar frå 8. – 10. klasse.

Det er ungdomsarbeidar i Undheim kyrkje Mona Handeland som står bak, saman med ungdomsleiar i Time kyrkjelege fellesråd, Oda Vik Straume. Denne torsdagen er det 16 ungdommar innom. Oda fortel at dei brukar å vere mellom 15 og 20 som kjem kvar gong.

ETTER SKULETID

Påfyll skal vere ein plass å kome etter skuletid, der ungdommane berre skal kunne samlast og vere i lag, seier Oda. – Det startar alltid med litt mat, så kan dei gjere som dei vil etterpå. Nokon spelar bordtennis, brettspel eller data, nokon sit og pratar, og nokon har ansvar for kiosken.

ULIKE OPPLEGG

Nokre gonger har me hatt gruppesamtalar eller andre

input, men det ser me litt an, fortel Oda. Som ungdomsleiar i Time kyrkjelege fellesråd har Oda ansvar for ungdomsarbeidet i kyrkjelydane på Undheim, Lye/Time og Bryne. Ho starta i stillinga i mai i år. – Det er litt forskjellig kva eg gjer på dei ulike stadene, alt etter kva det er behov for. På Undheim er det Påfyll, samt konfirmantarbeidet eg er med på, seier ho.

SAMARBEID

– Me har faste treff med ungdomsarbeidarane på dei ulike stadene, og prøver å samarbeida der me kan. Det er viktig å legge til rette for at ungdommane kan gå på ungdomstreffa på alle dei ulike stadene. Ukuf er laurdagar i oddetalsveker, Varden (på Lye forsamlingshus) er fredagar i partalsveker, og UF (i Brynekyrkja) er laurdagar i partalsveker. Slik kan dei som ønsker det kome på ungdomstreffa alle stader, fortel Oda.

Guro Høyland er også med på Påfyll denne dagen. Ho går andre året på studiet menighetspedagogikk på VID i Stavanger, og er i praksis i Time nokre veker. Her får ho sjå kyrkjelydsarbeid i praksis, og synest det verkar spanande og kjekt å arbeide på denne måten.

Til info:
Påfyll har pause for tida, men det er håp om at det skal starta opp igjen når ungdomsarbeidaren vår er tilbake igjen.



Oda Vik Straume og Guro Høyland trivst godt på Påfyll.



EIT BARN ER FØDD I KRIG

Akkurat no er vi til stades i Ukraina, Gaza/Palestina og Sudan, kor barn vert fødde i bomberegn og an-grep. Millionar av menneske er på flukt og har mista håpet, sine kjære og alt di eig. Vi syter for naudhjelp der behova er størst, og deler ut vann, varme tepper og hygieneartikler. Du kan vere med å redde liv og gje barna en fremtid.



KIRKENS NØDHJELP
actalliance

Vipps 2426

Bankkontonr.: 1594 22 87248

Fleire måtar å gje på;

kirkennodhjelp.no

Nytt frå soknerådet og dagleg leiar

GUDSTENESTER TIL VÅREN

Me nærmar oss nytt semester, og det er veldig bra om flest mogleg av dei som er med og tek ansvar for oppgåver i gudstenestene kan gå inn på undersøkinga som ligg på heimesida til Undheim kyrkje og svara på den. Det er til stor hjelp!

PREST PÅ UNDHEIM

Me ventar framleis på ei meir stabil løysing for Undheim. Me veit at Roald Byberg har sagt ja til å vera med oss til og med januar 2024. Takk, Roald!

NYTT SOKNERÅD

Det nye soknerådet har nå vore samla fleire gonger. Dei aller fleste var òg med i sist periode. Arnfrid Bjelland og Synnøve Charlotte Meling Gauksås kjem til å vera med på soknerådsmøta framover. Anne Lise Undheim og Kari Haavardsholm kjem ikkje lenger til å vera med lenger (Kari er 2. vara og møter derfor ikkje fast). Takk for innsatsen de hadde i sist periode, og takk til de som held fram i denne oppgåva!

E-POSTLISTE

Viss du vil få melding om viktige hendingar i kyrkja, er det fint om du registrerer deg på e-postlista vår. Sjå heimesida www.undheimkyrkje.no for meir informasjon. Appen Infoskjermen GO er òg nyttig til å få beskjedar. Den finn du òg meir informasjon om på heimesida vår.

UKUF

Renate Undheim vikarierer som ungdomsarbeidar fram til årsskiftet. Etter det skal Renate reisa til Kenya og arbeida på ein barneheim. Takk for at du stiller opp i denne perioden, Renate!

Det har vore litt uro spesielt utanfor kyrkja på laurdagskveldane når det har vore UKUF. Foreldre stilte opp fire gonger i haust og gjekk vakt utanfor. Det hadde stor effekt! Me merka tydeleg forskjell mellom dei gongene det var vakter på plass og dei gongene det ikkje var vaksne til stades. Takk for hjelpa til de som gjekk vakt!

Frode Skårland

Fest i kyrkja

Fredag den 24.november arrangerte dei tilsette ved kyrkjekon-toret som tilhøyrrer Undheims sokn fest i kyrkja.

Først hadde Oddvar Vignes eit innslag med både humor og alvor, om oppveksten sin på Nordre Vignes på Finnøy, om det å bu på ein liten stad, om skilje mellom idrettshuset og bedehuset og om at basar var det kjekkaste som fanst. Men også om det å ikkje heilt finne sin plass. Og om ungdomstid på Drottningborg i Grimstad, studietid i Oslo som ikkje gjekk heilt som planlagt, og at han til slutt hamna på psykiatrisk avdeling på Ullevål sjukehus.

– Eg var ikkje god til å snakke om ting. Det samla seg opp inni meg, og til slutt sprakk det, fortalde han.

Han avslutta med å seie at me menneske treng møteplassar, me treng å vera ein del av eit fellesskap.

Me treng at nokon ser oss og møter oss med eit smil og ven-lege ord. Kyrkja er ein slik møteplass. Alle slike møteplassar er avhengige av frivillige. Derfor gjer frivillige ein utruleg viktig jobb.

Etter innlegget til Oddvar Vignes gjekk me ned i kyrkjekjellaren. Der hadde Hans og Møyfrid Ørstavik hadde laga til beuf bour-guignon servert med potetstappe. Det var aldeles nydeleg. Så blei det servert kake og kaffi før kvelden blei avslutta med at Ragnhild Hansen saman med Anna Bergitte og Frode Skårland hadde musikalsk innslag, før Roald Byberg runda av kvelden med ei andakt.

Takk til dei tilsette for at de arrangerte ein fin kveld for oss!

Tekst: Siv H. Undheim



DØYPT I UNDHEIMKYRKJA



Sina Taksdal



Even Undheim Hellstrøm



William Sunde Undheim



Renate
Kronfeldt Tunheim

FYLT AV GLEDE OVER LIVETS UNDER,
MED ET NYFØDT BARN I VÅRE HENDER
KOMMER VI TIL DEG SOM GAV OSS LIVET

FYLT AV BEVEN FORAN UKJENT FREMTID
LEGGER VI VÅRT BARN I DINE HENDER.
DET SOM SKJER I DÅPEN, GIR OSS TRYGGHET

STØRRE RIKDOM ENN HVA ORD KAN ROMME
HAR DU GITT OSS GJENNOM DÅPENS GAVE
HERRE, LA VÅR TRO BLI FYLT AV GLEDE!

Svein Ellingsen / Egil Hovland

Åpen barnehage Undheim

Endelig er åpen barnehage på Undheim tilbake. Gunn Siri og Asle Risa har tatt på seg ansvaret og åpner kirkekjelleren for barn og foreldre hver onsdag. De går hjemme med datteren Eleah, og synes dette er et fint tilbud for dem selv og andre som går hjemme med barn. Det er ikke noe fast opplegg, men en god arena for å bli kjent med nye og leke med andre barn og foreldre i bygda.

Moren til Asle, Pia Norunn Risa, har fortalt ekteparet mye positivt om åpen barnehage, og var med å motivere dem til å starte dette tilbudet. Gunn Siri og Asle håper at tilbudet kan vare, og at flere vil være med å dele på ansvaret. Åpen barnehage er et gratis tilbud. Det blir servert kaffe og te, men hver enkelt tar med egen niste.

Hvor: Kirkekjelleren på Undheim

Når: onsdag kl. 0930 - 1300

Hvem: Alle

Pris: Gratis, men frivillig medlemsavgift på kr. 100,-.

Tekst: Hanne Nordbrønd

VELKOMEN TIL GUDSTENESTE

24. desember kl. 14:30 Gudsteneste for store og små

26. desember kl. 10:30 Høgtidsgudsteneste

7. januar kl. 10:30 Gudsteneste. Søndagsskule

21. januar kl. 10:30 Gudsteneste. Nattverd

4. februar kl. 10:30 Gudsteneste.

18. februar kl. 10:30 Gudsteneste.

3. mars kl. 10:30 Gudsteneste.

17. mars kl. 10:30 Gudsteneste for store og små

28. mars kl. 19:00 Skjærtorsdag

31. mars kl. 10:30 1. påskedag. Høgtidsgudsteneste.

KONTAKTINFO:


Prest: Roald Byberg	400 38 028
Leiar sokneråd: Hanne Brit Sandsmark	996 26 157
Leiar kyrkjestyret: Torvald Tjåland	913 59 619
Musikalsk leiar: Kari Kaald Reiten	908 10 346
Dagleg leiar: Frode Skårland	489 97 102
Ungdomsarbeidar: Mona Handeland	401 00 946
Leige av kyrkjekjellaren: Torvald Tjåland	913 59 619
Trusopplæringa: Ragnhild Hanssen	51 77 03 77
Konfirmantleiar: Ingfrid Time Nærland	401 67 222
Diakon: Praxedes Slettebø	980 28 690



BARNAS

Prikk til prikk

Trekk ein strek frå 1 til 2
og så vidare. Kva skjuler
seg her?



Hjelp dei vise menn!

Hjelp dei vise menn å finne vegen til det vesle Jesus-barnet.



Vits

- Kan eg få ein hund til jul, pappa?
- Nei, i år blir det ribbe, som vanleg!

Fargelegg!



Teikning: Alessandro Coppola og Lorenza De Luca

Finn fem feil!



Her er Jesus, Maria og Josef. Dei to bileta er nesten like. Finn du dei fem feila på biletet til høgre?

Teikning: Alessandro Coppola og Lorenza De Luca

Gje barnebladet Barnas til eit barn du er glad i!

Desse oppgåvene er henta frå bladet.

Bestill abonnement på sondagsskolen.no eller 22 08 77 00



Søndagsskolen - mer enn du tror

Stor takk til sponsorane våre som gjer bladet mogleg!

		Vil du støtta Møteplassen og kyrkja med ei annonse? Send e-post til: undheim.soknerad@timekyrkja.no
		
Johs. Egeland & Sønner as Transportforretning 4342 Undheim	 SOL INSPIRASJON Dikt og oppmuntringer www.solinspirasjon.com	UNDHEIM HANDELSLAG   undheim@coop.no Tlf. 51779660 Landbruks avd. 51779670
		Sjekk Punkt BILVERKSTED Lye Bil AS Tlf. 400 06 447 post@lyebil.no
		 Byggmester Ståle N. Sikveland
	Høiland & Tveit BetongEntreprenør	SpareBank 1 SR-BANK
 Preben Undheim Mobil: 901 74 629 preben@pundheim.no www.pundheim.no	 Møllevegen 12, 4360 Varhaug tlf.: 51 79 85 79 www.ahbygg.no	NOVA BEGRAVELSESBYRÅ
Finn Arve Undheim Maskinentreprenør i tjeneste for jordbruket Mob.: 975 80 952 Tlf.: 51 61 90 10 	Elektrofag Jæren En god kontakt på Jæren Tlf. 51 79 11 70 e-post: post@elektrofag.no EL-PROFFEN	 Bryne Rør AS